

# Den som ventar på noko godt.....

## FAKTA LYSLØYPE FJELLSÆTRA:

- **Teknisk Utbyggjar:** Sykkylven Friluftssenter
- **Løypekonsulent:** Stein Wæhle
- **Løypekomité:** Stein Myrseth (HIL), Evy Ann Ekornes (SIL/IIL), Fridtjof Fredriksen (SIL), Inger Riksheim (VIL), Svein Nakken (VIL) og Terje Aurdal (VIL)
- **Løypelengd:** 3,8 km
- **Dugnad:** 4000 timar
- **Kostand utanom dugnad:** 2,6 million
- **Gåver hittil:** 1,1 million

## Ein festdag av dimensjonar, då Berth Wilhelmsen etter 35 års venting, endeleg fekk prøve skia i den nye lysløypa på Fjellsætra.

-Åh, du store tid! Eg hadde mest slutta tru eg skulle få oppleve dette, haukar Berth Wilhelmsen (70) under jomfruturen i den nye lysløypa i Ladalen, på folkemunne kalla Fjellsætra.

**Internasjonal start.** Saman med Kjell Magnar Berli hadde superveteranen rigga seg opp for fotografering etter sin fyrste dag i lysløypa. Norske flagg og alkoholfri cider markerte hendinga. Vêret var pjaske med sluddbyger og vind, føret vanskeleg. Brått kom to andre løparar i fin stil, som viste seg vere svenske Mia Jakobsson og italienske Roberto Passerini.

- Eg bur i Ålesund, men jobbar i Brattvåg. Roberto jobbar på Longva. I kveld kørde vi hit for å gå på ski, seier Mia.

Slik vart kvelden internasjonal. Og kvartetten leska seg med svensk cider, vifta med norske flagg og utveksla erfaringar frå Macialonga, Vasaloppet og Birkebeineren.

**Hundeidvikar måtte til.** Rett skal vere rett. Det har ikkje vore jobba like hardt med lysløypeprosjektet alle desse 35 åra. Men ei rad komitéar har vore i sving. Alt i 1984 var løypekonsulent frå NSF (Syver Hovdenakk) på plass og stakk løype, og Sykkylven kommune spanderte middag på alle frammøtte. Den gongen hadde kommunen pengar, men grunnspørsmålet vart ikkje løyst. Uansett, det har vore eit langt lerret å bleikje. Det måtte ein hundeidvikar til. I 2003 vart Steinar Myrseth leiar for komitéen som elleve år seinare landa prosjektet.

- Dei tunge stundene har vore mange. Men dette har vi klart i fellesskap. Då kommunen ordna grunnspørsmålet løyste flokane seg. I tillegg har næringsliv, idretten, hytteeigarane og andre hjelpt oss i det økonomiske. Eg har gledd meg som ein unge til denne dagen, sa Myrseth under ei enkel opningsmarkering på Fjellsterstova.

**4000 dugnadstimar.** Tore Utgård gratulerte på vegne av Sykkylven Friluftssenter, som står som teknisk utbyggjar.

- Dette er eit prosjekt heilt i tråd med formålsparagrafen vår, der det står vi skal arbeide for å fremje friluftaktivitetar. Vi har vore inne i prosjektet berre dei tre siste åra. Veldig bra gjennomført, meinte Utgård, som også sa litt om det økonomiske:
- Slik anlegget står i dag er det lagt ut 2,6 millionar i reine pengar. Det er lagt ned 4000 dugnadstimar og det genererer 900 000 kroner i tippemidlar. Gåvepotten er hittil på 1,1 million.

